

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2019-0082	<b>Søknadsår</b>	2019	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
<b>Prosjektnavn</b>	Etablering av NORTIND fagskulestudie			

### Kort beskrivelse

Norske Tindevegleiarar (NORTIND) og Fagskulen i Sogn og Fjordane ønsker å etablere eit fagskulestudium som skal utdanne tindevegleiarar og skiguidar. Denne vil bygge på NORTINDs noverande kvalifisering av tindevegleiarar, og skiguideutdannina som utviklast i eit parallellt prosjekt.

### Prosjektbeskrivelse

Regjeringa si reiselivsmeldinga sine prognosar for vidare vekst i Noreg peikar oppover. I meldinga står det vidare at det er viktig å satse på kompetanse. Særleg vinterstid er etterspørselen og behovet stort.

Det er difor eit stort behov for å utdanne fleire kvalifiserte guidar til å møte denne etterspørselen. Dette behovet merkar også dei naturbaserte reiselivsverksemdene i Sogn og Fjordane. Dette prosjektet vil styrke den naturbaserte reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane ved etableringa av ei fagskuleutdanning for NORTINDs tindevegleiarkvalifisering.

Følgjande aktiviteter skal gjennomførast i prosjektet

- Videreutvikle utdanninga sitt innhald
- Halde kompetansehevande seminar for lærarar som skal arbeide i utdanninga
- Utvikle eit fagskulestudium som skal ta i vare kvalifiseringa, stabilisere økonomien og styrke kvaliteten i drifta
  - o Fag- og emneplanutvikling
  - o Kvalitetssikringsrutinar
  - o Søknadsutvikling
  - o Opprette studieplassar
- Tilsette ein studiekeordinator som i etableringsfasen fungerer som prosjektleiar.

Prosjektet vil søke NOKUT om godkjenning av eit fagskulestudium. Søknaden er omfattande og stiller ei rekkje formelle krav når det gjeld studieplan, kvalitetsikringssystem og infrastruktur. Vi vil utarbeide søknaden i samarbeid med kommunar/fylkeskommune, turistnæringa og Høgskulen på Vestlandet. Søknadsfrist er 15.9.2019. Prosjektet vil utvikle lærarar til fagskulestudiet gjennom eit vidareutdanningsopplegg for tindevegleiarar. NORTIND vil gjennomføre vidareutdanninga som ein del av prosjektet. Fagskulestudiet vil utdanne tindevegleiarar, skivegleiarar (skiguide), og på sikt antageleg andre kategorier fjellførarar. Tindevegleiarstudiet vil bygge på dagens kvalifisering i NORTIND, det vil

tilsvare to års full studiebelastning fordelt på tre år (120 studiepoeng). Skiguideutdanninga som utviklast i eit eige prosjekt vil også takast inn i fagskulestudiet. Dette tilsvarar eit års full utdanning fordelt over to og eit halvt år (60 studiepoeng).

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Norske Tindevegledere Org.nr:982778891	Vågå 2684 VÅGÅ	-
Kontakt- person	Halvor Dannevig	Storeåkeren 1 6856 SOGNDAL	-
Prosjekt- leder	Leif Inge Magnussen	Movikveien 48 a 3135 TORØD	95751814

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Støtte til utvikling av skiguideutdanning (kun NORTIND), saknr 18/8522.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Reiselivsmeldinga, som regjeringa har presentert, viser at reiselivsnæringa er den næringa som veks raskast i verden. Tilveksten av nye turistar er 27% høgare i Noreg enn gjennomsnittet internasjonalt. Særleg er veksten stor innan det som blir kalla «aktive ferier». Det kjem til uttrykk på stader som Trolltunga, der tal besøkande har auka frå 800 til 80 000 frå 2010 til 2016. Auken i aktivitet vil krevje fleire naturveglearar og guidar i bratt fjellnatur. I dag vert det uteksaminert mellom 6 og 8 nye Tindeveglearar som har rett på EPC (European Professional card) årleg.

Reiselivsmeldinga sine prognosar for vidare vekst i Noreg peikar oppover. I meldinga står det vidare at det er viktig å satse på kompetanse. Særleg vinterstid er etterspørselen og behovet stort.

### Prosjekt mål

Hovudmål for prosjektet

NORTIND og Fagskulen i Sogn og Fjordane vil etablere eit fagskulestudium med 10 studieplassar for tindeveglearar og 20 studieplassar for skiveglearar

### Delmål

- Sikre vidare berekraftig naturturisme
- Sikre at gode fjellføringstenester vert tilbydde til turister/gjester som ønsker dette
- Betre tilbodet av godkjente guidar knytt til bratt reiseliv over heile landet og på Svalbard
- Redusere kostnader for dei som kvalifiserer seg mot yrket fjellfører/skiveglearar
- Vidareutvikle Norske Tindevegledere si utdanning
- Styrke organisasjonen si evne til å utdanne nye guidar
- Utvikle et fagskulestudium som sikrar god rekruttering og relevant kvalifisering til sektoren

## **Forankring**

I Sogndal har NORTIND og Fagskulen hatt møter om fagskuletilbod med Høgskulen på Vestlandet og Sogndal kommune. Prosjektet er drøfta og forhankra hos næringssjefane i Luster-, Sogndal- og Leikanger kommune, samt direktøren i Visit Sognefjord. Vi har også vore i samtale med NCE Tourism Fjord Norway og Innovasjon Norge sentralt. Alle instansar stiller seg bak planane om å etablere eit fagskuletilbod og utvikle ei skiguideutdanning. Føresetnaden for utdanninga er at NORTIND sine plikter overfor IFMGA blir ivaretatt.

Ei etablering i Sogndal vil styrke det naturbaserte reiselivet i Sogn og Fjordane, gi ein god synergi med friluftsliv- og reiselivsutdanninga til Høgskulen på Vestlandet og bidra til å stadfeste Indre Sogn som eit tyngdepunkt innan fjellsport og bratt friluftsliv i Noreg. Sogndal har vidare ei svært strategisk plassering angående det å kunne arbeide med reiseliv og arbeide som tindevegleiar. Studiet vil kunne gi ringverknader i Sogndal og nabokommunane gjennom rekruttering og busetting av studentar og tilsette.

Ei etablering av fagskulestudiet vil gi grunnlag for støtte til studieplassar frå kunnskapsdepartementet via fylkeskommunen. Dette vil gi utdanninga ein økonomisk stabilitet. Dette vil også føre til at eigenbetaling frå studentane bli redusert. Eigenbetalinga for tindevegleiarutdanninga har vore svært kostbar. Dette vil verte redusert mykje gjennom eit fagskulestudium og føre til at tilbodet vil kunne gjennomførast av fleire.

NB! NORTIND har også fått tilsegn om stønad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, men har ikkje takka ja til denne. Aksept av et eventuelt tilsagn fra Sogn og Fjordane fylkeskommune vil komme etter ein heilheitsvurdering av kor fagskolen eller fagskulestudiet skal opprettast. Styret i NORTIND vil gjere denne avgjerda så snart Sogn og Fjordane fylkeskommune kjem med si avgjerd på denne søknaden.

## **Prosjektorganisering**

NORTIND står formelt prosjekteigar i denne søknaden, men prosjektet er eit samarbeid mellom NORTIND og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Difor vil vi be om at utbetalingane skjer til Fagskulen i Sogn og Fjordane. Dette er naudsynt siden det er Fagskulen vil måtte stå som søker til Kunnskapsdepartementet om utviklingsmidlar til prosjektet.

NORTIND vil i samråd med Fagskulen i Sogn og Fjordane tilsette ein studiekoordinator som óg vil leie dette prosjektet. Prosjektgruppa består vidare av: president i NORTIND Leif I. Magnussen, som i tillegg til å vere tindevegleiar også er førsteamanuensis i leiing ved Universitetet i Sør Øst Norge (USN). Han har ei doktorgrad i pedagogikk, og har erfaring frå vurdering av fagskulesøknader på oppdrag frå NOKUT. Frå NORTIND deltek også Halvor Dannevig er leiar av NORTIND sin kvalifiseringskomité. Han er tindevegleiar og til dagleg forskingsleiar ved Vestlandsforskning i Sogndal. Frå Fagskulen i Sogn og Fjordane deltek rektor Reidar Grønli, avdelingsleiar Eilert Årseth og fagansvarleg Sindre Hoff.

I tillegg deltek medlemmer frå NORTIND sine faggrupper for dei ulike faglege disiplinane som inngår i dagens kvalifisering, samt medlemene i NORTIND sin kvalifiseringskomité. Fleire av desse er også i dag vegleiarar (lærarar) på tindevegleiarkvalifiseringa.

### **Samarbeidspartnere**

Norske Tindevegleiarar (NORTIND) har sidan starten i 1978 arbeidd for sikkerheit og kvalitet i norske fjell. Organisasjonen er eit yrkesforbund som kvalifiserer for yrket Tindevegleiing (fjellføring) i Noreg og resten av verden. I 1982 blei NORTIND medlem av det internasjonale Fjellførerforbundet (International Federation of Mountain Guides Associations/IFMGA). NORTIND er ein frivillig organisasjon, bygd på dugnad og interessefellesskap i 40 år. NORTIND sin formålsparagraf tar sikte på å ivareta både naturverdet og menneskeverdet, og våre verdier bygger på Norsk- og Alpin Friluftslivstradisjon. Norske tindevegleiarar er omfatta av ordninga knytt til the European Professional card, EPC. Norge har ratifisert dette direktivet og ventar på at Liechtenstein gjer det same.

Norske tindevegleiarar arbeider i ulike sider av norsk friluftsliv og samfunnsliv. Vår kompetanse har sidan 1978 bidrege til å styrke ulike viktige sider av friluftslivet. Kvalifisering gjennom NORTIND gir høg kompetanse på internasjonalt nivå med omsyn til medmenneske i krevjande fjellnatur. Godkjente tindevegleiarar/fjellførarar er kvalifiserte til å rettleie og føre i ei særskilt form for friluftsliv, nemleg det bratte friluftslivet-tindefriluftslivet. Ein tindevegleiar har utvikla ekspertkunnskap innan klatring, brevandring, fjellskigåing, bratt skikøyring og skredvurdering. Tindevegleiarar arbeider som guidar i høgalpint terreng i heile verda, for ulike høgskular og universitet, ved folkehøgskulane, i skredvarslinga (NVE), i redningstenesta, med fjellmedisin og for forsvaret.

### **FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE**

Fagskulen i Sogn og Fjordane har blant anna følgjande punkt i sin strategi:

- inngå i ei brei framtidretta samhandling om kompetanseutvikling og utdanning mellom arbeidslivet, utdanningane, kommunane og andre offentlege styresmakter
- vere tilpassa behova i marknaden og vere eit reelt tilbod for heile fylket/regionen.
- gjennom partnerskap med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemd vere eitt av fleire verkemiddel fylkeskommunen nyttar som regional utviklingsaktør.

Vi vil ettersende samarbeidsavtalen mellom Fagskulen i Sogn og Fjordane og NORTIND.

Prosjektet vil dele referansegruppe med skiguide-utviklingsprosjektet, med følgjande medlemmer pr no:

Referansegruppe

NCE Tourism Fjord Norway ved Dag J. Aksnes

Høgskulen på Vestlandet, ved Rasmus Stokke og tindevegleder Vegard Vereide

Haaken Christensen, Innovasjon Norge

Torgeir Skålid, dagleg leiar i Sogn Næring

### **Aktivitetar**

Følgjande aktivitetar inngår i prosjektet (sjå også vedlagt milepælsplan)

- Utvikle utdanninga sitt innhald
- Halde kompetansehevande seminar for lærarar som skal arbeide i utdanninga

- Utvikle eit fagskulestudium som skal ta i vare kvalifiseringa, stabilisere økonomien og styrke kvaliteten i drifta
  - o Fag- og emneplanutvikling
  - o Kvalitetssikringsrutinar
  - o Søknadsutvikling
  - o Opprette studieplassar
- Tilsette ein studiekoordinator som i etableringsfasen fungerer som prosjektleiar.

Prosjektet vil søke NOKUT om godkjenning av eit fagskulestudium. Søknaden er omfattande og stiller ei rekkje formelle krav når det gjeld studieplan, kvalitetsikringssystem og infrastruktur. Vi vil utarbeide søknaden i samarbeid med kommunar/fylkeskommune, turistnæringa og Høgskulen på Vestlandet. Søknadsfrist er 15.9.2019. Prosjektet vil utvikle lærarar til fagskulestudiet gjennom eit vidareutdanningsopplegg for tindevegleiarar. NORTIND vil gjennomføre vidareutdanninga som ein del av prosjektet. Fagskulestudiet vil utdanne tindevegledere, skivegledere (skiguide), og på sikt antageleg andre kategorier fjellførarar. Tindevegleiarstudiet vil bygge på dagens kvalifisering i NORTIND, det vil tilsvare to års full studiebelastning fordelt på tre år (120 studiepoeng). Skiguideutdanninga som utviklast i eit eige prosjekt vil også takast inn i fagskulestudiet. Dette tilsvarar eit års full utdanning fordelt over to og eit halvt år (60 studiepoeng).

Fagskulen i Sogn og Fjordane vil i samsvar med lovkrav tilsette ein fagansvarleg. NORTIND får ansvar for å tilsette studiekoordinator i Sogndal. Desse funksjonane skal leie utdanninga og koordinere aktivitetane. Fagpersonar frå NORTIND vil bli leigde inn til å utarbeide den faglege delen av studieplanen og bidra med å utforme læringsutbyttebeskrivingar. Utdanninga vil vere samlingsbasert og ha behov for lokaler til undervisning, samt lokale til studiekoordinator og lærarar. Det er også budsjettet med innkjøp av noko utstyr til kurs (6 klatretau a kr 3000,- og fjellredningsutstyr: bårer, vinsjar og treføter, karabinier til ein kostnad av kr 82.000).

Fagskuleutdanninga gir tittelen høgare fagskulekandidat. NORTIND vil behalde retten til å dele ut tittelen «Tindevegledar», «Tindevegledaraspirant» og «Skivegleder» (formelle tittelen på skiguide) etter at kandidatane har fullført utdanninga.

i vil få svar på søknad om godkjenning frå NOKUT omkring desember 2019. Deretter vil vi søke om nye studieplassar. Etter omlegging av finansieringsmodellen for fagskulane er det uvisst når nye studieplassar vert utlyste og eventuelt innvilga. Truleg vil vi kunne få tildelt nye studieplassar hausten 2021 eller 2022. Vi vil søke om mellomfinansiering inntil nye studieplassar er innvilga.

### **Målgrupper**

Kandidater til utdanninga vil vere dei som ønsker å arbeide med naturbasert reiseliv med vekt på ski- og topptur, fjellføring og vegleing i natur.

### **Resultat**

Resultat pr 2021

- 20 nye skiguider årleg

- 12- 14 nye tindeveglere per år
- Yngre kandidater som kan arbeide lenger
- Lågare kostnader for studentane med ein fagskuleutdanning enn den kvalifiseringa NORTIND tilbyr i dag.

### **Effekter**

Effektar av prosjektet frå år 2022:

- Auka kvalitet og sikkerhet i norske fjell
- Styrke posisjonen til norsk reiseliv
- Fantastiske og trygge gjesteopplevingar i ekstrem fjellnatur
- 12000 (400 gjestedager x 30 ekstra vegleiarar) gjestedøgn med sertifisert førar i Norge ekstra per år (dette vil akkumulerast og styrke bransjen og veksten massivt, på ein naturvennleg og bærekraftig måte)

### **Tids- og kostnadsplan**

Tidsplan

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Kompetanseheving og rekruttering av lærere	108 000	108 000				216 000
Prosjektledelse Fagskolen i Sogn og Fjordane	175 000	175 000				350 000
Prosjektledelse NORTIND	270 000	180 000				450 000
Reise og oppholdskostnader møter	50 000	30 000				80 000
Utstyr til undervisning		100 000				100 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>603 000</b>	<b>593 000</b>				<b>1 196 000</b>

Timekostnader til prosjektledelse og øvrige timekostnader er beregnet til kr 600,- pr time.

Utstyr =6 klatretau a kr 3000,- og fjellredningsutstyr: bårer, vinsjar og treføter, karabinier til ein kostnad av kr 82.000.

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Egeninnsats Fagskolen i Sogn og Fjordane	25 000	20 000				45 000
Egeninnsats NORTIND	28 000	23 000				51 000
Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane	100 000	100 000				200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	400 000					400 000
Utviklingsmidler fra Kunnskapsdepartementet (søkes)	250 000	250 000				500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>803 000</b>	<b>393 000</b>				<b>1 196 000</b>

Dersom søknadsmidlene til departementet og/eller sparebankstiftinga ikke går inn vil vi søke kommunale midler fra Sogndal og Luster kommune, samt øke egeninnsatsen.

**Geografi**

1424-Årdal, 1426-Luster, 1431-Jølster, 1432-Førde, 1443-Eid, 1444-Hornindal, 1445-Gloppen, 1449-Stryn, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
19_01874-1Støttebrev til NORTIND fagskule i Sogndal.pdf	1 083 068	23.02.2019
milepælsplan.pdf	32 955	23.02.2019